

**FORMANNSKAPET****MØTEPROTOKOLL**

Møtedato:	05.11.2019
Møtestad:	Fjell rådhus - Kultursalen
Møtetid:	kl 14:00 - 17:30

Orientering frå Øygarden Brann og Redning

Medlemer som møtte	Parti/Organisasjon
Espen Stølsnes Harkestad	Arbeiderpartiet (Ap)
Marianne Sandahl Bjorøy	Arbeiderpartiet (Ap)
Einar Hadler Jakobsen	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Anita Garlid Johannessen	Fremskrittspartiet (FrP)
Nils Kåre Skoge	Høgre (H)
Silvia Haugland	Høgre (H)
Tom Georg Indrevik	Høgre (H)
Atle Dåvøy	Kristelig folkeparti (KrF)
Torill Selsvold Nyborg	Kristelig folkeparti (KrF)
Maria Thomassen	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Nina Glesnes	Sotralista (SL)

Medlemer med forfall	Parti/Organisasjon	Varamedlemer som møtte	Parti/Organisasjon
Sølvi Kobbeltvedt	Sp	Hogne Hole	Sp

Gruppeleiarar som ikkje er i medlem i formannskapet var invitert til møtet: Dette var Børge Haugetun (V), Hogne Hole (møtte også som varamedlem), Nils Bjarte Sæle (Raudt)

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik
Frå administrasjonen møtte	Rådmanne Rune Lid, Ass rådmann Åse Vik, økonomisjef Anne Erdal, kommunalsjef skule Anette Vabø Haugane, kommunalsjef Line Barmen, kommunalsjef Råmund Skjold

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
001/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/19	Referatsaker og orienteringer
003/19	Etablering av styringsgruppe og forhandlingsutval for byvekstavgift
004/19	Harmonisering av satsar for økonomisk sosialhjelp
005/19	Ymse
006/19	Nye satsar for SFO

001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innstilling til vedtak

Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 001/19

Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

002/19: Referatsaker og orienteringer

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Svein Otto Jacobsen (FrP), Nils Kåre Skoge (H), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap), Børge Haugetun (V), Hogne Hole (SP), Andreas Kallekleiv (H), Jan Utkilen (SL), Einar Hadler Jacobsen (FNB), Nina Glesnes (SL)

ORIENTERINGAR/REFERATSAKER

- *Orientering og status i arbeidet med å omdanna Øygarden brann og redning frå interkommunalt selskap til kommunalt føretak*
Ved styreleiar Per Rune Eikeseth og brannsjef Bjørn Olav Paulsen
Presentasjon vert lagt ved saka
Ordføraren oppmoda formannskapet om å setja seg inn i branndokumentasjonen som ein finn på nettsida: <http://www.oybr.no/om-oss/selskapet/>
- *Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 og budsjettprosessen*
Ved rådmann Rune Lid og økonomisjef Anne Erdal
Rådmannen sitt budsjettforslag vert presentert for kommunestyret 21. november.
Presentasjon vert lagt ved saka
- *RS 002/19 - Lokalisering etter drøfting - administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune*
Rådmann Rune Lid orienterte kort om saka

Protokolltilførsel frå Arbeiderpartiet, Mdg og Sv frå Marianne Sandahl Bjorøy

Lokalisering og samordning av barnevernstjenesten må sees på, på nytt. Et av de eksemplene som har vært benyttet mest i forhold til kommunesammenslåing er barnevernstjenesten kommunene tilbyr. Sterke og robuste fagmiljø med god kompetanse er en forutsetning for å kunne gi gode tjenester. Derfor mener Øygarden Arbeiderparti at en oppdeling av barnevernstjenesten slik den er foreslått idag ikke vil være bærekraftig på sikt.

Fylkesmannen ved fylkeslegen i Vestland har et stort engasjement og fokus på den kommunale barnevernstjenesten. Krav til kompetanse og til dokumentasjon av tiltak og arbeidsoppgaver er stort. Et samlet fagmiljø som kan samhandle med hverandre vil styrke den kommunale barnevernstjenesten i Nye Øygarden kommune.

Dette betyr ikke at samarbeid på tvers er viktig og må videreutvikles.

Arbeiderpartiet, Mdg og SV er glad for at prosjektrådmannen ønsker å ta en ny vurdering av lokalisering og organisering av barnevernstjenesten. Dette er en tjeneste som krever en nøye gjennomgang med tanke på omfang, kompleksitet, kompetanse og ikke minst lokalisering.

Ordfører Tom Georg Indrevik orienterte om disse sakene:

- Nyopning av Hjelme kyrkje søndag 27. Oktober
- Avskjedsgudstjeneste for Prost Erling Kopperud søndag 27. Oktober
- Møte i Bergen Hamn på CCB vedrørende vidare prosess
- Takk til administrasjonen for å få på plass innkalling etc til møta denne veka

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 002/19

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

003/19: Etablering av styringsgruppe og forhandlingsutval for byvekstavgift

Innstilling til vedtak:

- Formannskapet i nye Øygarden kommune blir etablert som styringsgruppe for prosessen med forhandlingar kring byvekstavgiften.
- Ordfører og rådmann leiar forhandlingsutvalet som møter staten til forhandlingar.
- Styringsgruppa avgjer kven andre og kor mange som skal delta i forhandlingsutvalet.

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Forslag til forhandlingsutval Anita Garlid Johannessen FrP

Ber om at det vert oppretta eit forhandlingsutval med desse medlemmane:

- Ordfører Tom Georg Indrevik (H)
- Varaordfører Torill Selsvold Nyborg (KrF)
- Marianne Sandahl Bjørøy (Ap)

Desse tok ordet i saka:

Espen Harketstad (Ap), Nils Kåre Skoge (H), Nina Glesnes (SL), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Maria Thomassen (MDG), Andreas Kallekleiv (H), Svein Otto Jacobsen (FrP), Anita Garlid (FrP), Børge Haugetun (V), Hogne Hole (SP), Einar Jacobsen (FNB)

Kommunalsjef Råmund Skjold orienterte om saka.

Innstillinga og tilleggsforslag frå Anita Garlid Johannessen (FrP) vart samrøystes vedteke.

Etter denne saka tredde gruppeleiarar som ikkje var medlem i formannskapet i frå.

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 003/19

- Formannskapet i nye Øygarden kommune blir etablert som styringsgruppe for prosessen med forhandlinger kring byvekstavtalen.
- Ordfører og rådmann leiar forhandlingsutvalet som møter staten til forhandlinger.
- Forhandlingsutvalet består av desse medlemene:
Ordfører Tom Georg Indrevik (H)
Varaordfører Torill Selsvold Nyborg (KrF)
Marianne Sandahl Bjørøy (Ap)

004/19: Harmonisering av satsar for økonomisk sosialhjelp

Innstilling til vedtak:

1.	Kommunestyret vedtek følgjande satsar for økonomisk sosialhjelp:	
	Einslege utan barn	kr. 6.150,- pr mnd
	Ektepar/sambuarar	kr. 10.250,- pr mnd
	Personar som deler hushald	kr. 5.150,- pr mnd
	Barn 0-5 år	kr. 2.400,- pr mnd
	Barn 6-10 år	kr. 2.900,- pr mnd
	Barn 11-17 år	kr. 3.400,- pr mnd
2.	Det vert ikkje gitt barnetillegg frå barn nr. 4. I familiar med 4 eller fleire barn reknast stønad ut frå dei eldste barna.	
3.	Barnetrygd vert halden utanfor ved utrekning. Andre inntekter vert medrekna.	
4.	Satsane vert regulert i tråd med konsumprisindeksen	

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Fellesforslag frå formannskapet Silvia Haugland H

Forslag til endring under punkt 1 i innstilling til vedtak:

Endre satsane til barn 6-10 år opp til statleg sats kr 3.100,- og barn 11-17 år opp til statleg sats kr 4.000,-

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Endringsforslag frå KrF Torill Selsvold Nyborg KrF

Forslag til endring under punkt 2 i innstilling til vedtak:

Alternativ 3 i saksframlegget - Det gis barnetillegg tilsvarende alder for alle barn i familien.

2 røysta for forslaget KrF(1), MDG(1) og 9 røysta for punkt 2 i innstillinga H(3), Ap(2), SL(1), KrF(1), FNB(1), SP(1). Forslaget fall.

Punkt 1 i innstillinga med endring vart samrøystes vedteke

Punkt 2 i innstillinga vart vedteke med 9 mot 2 røyster

Punkt 3 og 4 i innstillinga vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 004/19

1.	Kommunestyret vedtek følgjande satsar for økonomisk sosialhjelp:
----	--

	Einslege utan barn	kr. 6.150,- pr mnd
	Ektepar/sambuarar	kr. 10.250,- pr mnd
	Personar som deler hushald	kr. 5.150,- pr mnd
	Barn 0-5 år	kr. 2.400,- pr mnd
	Barn 6-10 år	kr. 3.100,- pr mnd
	Barn 11-17 år	kr. 4.000,- pr mnd
2.	Det vert ikkje gitt barnetillegg frå barn nr. 4. I familiar med 4 eller fleire barn reknast stønad ut frå dei eldste barna.	
3.	Barnetrygd vert halden utanfor ved utrekning. Andre inntekter vert medrekna.	
4.	Satsane vert regulert i tråd med konsumprisindeksen	

005/19: Ymse

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Spørsmål - Fartsdumpar gamle Tellnes skule Nils Kåre Skoge H

Kortid skal desse fjernast?

Marianne Sandahl Bjørøy svara at det er sendt brev til Statens vegvesen om å få fjerna fartsdumpane og det har kome svar til Sund kommune. Det er ikkje sagt noko dato for fjerning. Det er også søkt om å få sett ned fartsgrensa.

Høyring av konsekvensutgreiing gjeldande Northern Lights Torill Selsvold Nyborg KrF

Prosjektet omfattar: CO2 i Øygarden kommune for mellomlagring og vidare rørtransport og injeksjon av permanent lagring i havbotnen.

Mi oppmoding er at Øygarden kommune skriv høyringsuttale. Dette prosjektet er eit stort industriprosjekt som vi gjerne vil ha. Olje & Energidep. har høyringsfrist på 12 veker og høyringa må meldast innan 15. Januar.

Ordføraren svara at det vert lagt fram sak til kommunestyret i november eller desember, slik at vi rekk høyringsfristen.

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 005/19

Spørsmål med svar vart teke til orientering slik dei ligg føre.

006/19: Nye satsar for SFO

Innstilling til vedtak:

Satsane vert vedtekne slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Utsetjingsforslag Nils Kåre Skoge H

Saka vert utsett.

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Espen Harkestad (Ap)

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 006/19

Saka vert utsett.